



Anna Elisabeth Samland Eik hadde ein svært god dag i langrennsportet i Jularennet.

2. juledag vart det tradisjonsrike Jularennet arrangert på Korlevoll også i år. Deltakinga var som vanleg svært god. I tillegg til deltakarar frå heile kretsen var det også deltakarar frå Ryfylke i sør, frå Telemark og frå einskilde klubbar austpå. Frå Kvinnherad var det fem unge skiløparar frå Uskedal i tillegg til løparar både frå Ternen, Omvikdalen og Rosendal. Dei gjorde det svært godt!



Flott innsats av dei lokale løparane.

Løparane herfrå hadde minimalt med trening på snø, men dermed var det også ekstra kjekt å komma i gang med konkurransesesongen. Faktisk var det aller første rennet for sesongen for Linnea M. Ripel, medan dei andre har starta i to renn før. Det vert meldt at det var akkurat nok snø på Korlevoll til at dei kunne få svært gode løyper til konkurransen. Arrangørane vert rosa for å ha lagt ned mykje og godt arbeid med løypene før rennet.

Løparane frå Kvinnherad viste svært godt att på resultatlistene, og det gjeld også dei 5 frå Uskedalen med 3 pallplasseringar. Anna Elisabet Samland Eik gjekk heilt til topps i 15 årsklassen som ho vann klart føre Marie J. Vika frå Hjelmeland ski. Linnea Myklebust Ripel var berre 9 små sekundar frå å få same plassering i klasse J12. Thea Hia Ommundsen, også frå Hjelmeland ski, vann klassen der også Eirunn J. Hagen frå arrangørklubben smatt seg sekundet føre Linnea, og dermed vart det ein flott 3.plass på Linnea i den jamne klassen. Same plassering fekk William Samland Eik etter eit flott gjennomført renn i G12. Denne klassen vart vunnen av Sauda-løparen Elias Dybing.

I G16-klassen kom Birk Sæle inn til ein 9. plass. Her var vinnaren Marius Flatebø frå IL Vargar. Søstera Frøy Sæle deltok i J11, og ho kom inn til ein 6.plass. Samla sett var dette ein svært god innsats av Uskedalsløparane. Det må også takast i betraktning at deltakarane i rennet kom frå eit større område enn i eit vanleg kretsrenn. Deltakarane frå dei andre kvinnheradslaga gjorde også ein flott innsats! Komplette resultat finn de [HER](#).

No er det berre å venta på stabile og gode snøforhold i fjellet slik at dei flinke langrennsløparane våre får ein kjekk sesong. Det blir kjekt å følgja med i renna framover.



Dyktige arrangører sydde for gode løyper.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Knut Johannes Ripel.